



Torfinn Myklebust kjem med eit ålvorsord til rådmannen. (Foto. Ola Matti Mathisen).

Rabben-klaga kjem opp i forvaltningskomiteen onsdag og Høgres gruppeleiar, uskedelingen Torfinn Myklebust, har i samband med dette kome med eit ålvorsord til rådmannen. I eit innlegg på innsida.no skriv han dette:

” Kvinnherad har ein rådmann med gode intensjonar på mange område, mellom anna med raske avgjerder. Likevel opplevde vi på siste møte i forvaltningskomiteen at Morten Vevatne frå Høgre måtte etterlysa kva tid klagen frå Rabben Camping skulle drøftast. Då vart det antyda at det skulle skje på eit møte etter jul.

Morten Vevatne greidde å få saka opp på møtet i forvaltningskomiteen denne veka. Utan at eg seier mi meining

om saka, så må eg ha lov til å spørja kva som skjer når administrasjonen arbeider slik det vert gjort.

Same kva syn administrasjonen har bestemt seg for, må det vera sjølvsgatt at den får sakene frå seg. Skal det seiast "nei", så må det snart gjerast. Det same med "ja".

Slikt som dette går ikkje, rådmann! Svært mange politikarar gjer ein god jobb og passsar på, men det burde ikkje trongast så mykje som eg til no føler at vi må!"

Av Ola Matti Mathisen